

## VEGEN MEST URÅD Å BRØYTE SKIKKELG



Vegen er så ujamn at det vert liggande att sno og slaps når det vert brøyta. Så frys det til, og det vert glatt.

Lenkje til artikkelen på  
[www.botnane.no](http://www.botnane.no) i desember 2021.

10.januar 2023

Til Vestland fylkeskommune

v/fylkesordførar Jon Askeland og avdelingsdirektør Dina Lefdal

Botnane og Årebrot grendalag har merka seg at Vestland fylkesting i desember 2022 vedtok å løyve meir midlar til å vedlikehalde fylkesvegane. Det er bra – og det er mange vegar å bruke dei på.

Me er sjølv sagt mest opptene av vegen som gjev dei to bygdene, Botnane og Årebrot fast vegsamband, Frøysjøvegen (Fv 5711) som går frå Myklebustkrysset (krysset der Frøysjøvegen møter Gulevegen og Magnhildskarvegen, Fv 614). Me peika på det dårlige vedlikehaldet av vegen for vel eit år sidan. Me fekk då som svar at det i samband med budsjettet for 2022 var spela inn fleire forhold som det burde gjerast noko med. Men det vart ikkje gjort noko med vegen i 2022 og forholda har berre vorte verre. Difor tek me opp att det me peika på for godt over eit år sidan:

«På grunn av djupe hjulspor er det vanskeleg å få bort snø/slaps- og det vert liggande og frys til, så det også vert vanskeleg å føte seg. Vegen er slik nokre stader at også utstyret vert øydelagt i forsøket på å få gjort det skikkeleg. Også på grunn av djupe spor og generelt ujamn veg. Delar av vegen er slik eg vurderer det heilt nedkjørt. Dette på grunn av mykje tung transport dei siste åra i samband med utbygginga av vindkraftanlegget på Guleslettene. Vegen har ikkje fundament for slik transport. På same tid er verksemndene på denne strekningen mellom Botnane og Årebrot heilt avhengige av å kunne nytte denne type transport.»

Me kan no legge til at det dårlige vedlikehaldet går mykje utover utstyret som entreprenøren nyttar. Han vurderer å slutte om det ikkje vert betre. Det ville vere

svært uheldig då han bur ved vegen og er godt oppdatert på ver- og føreforhold. Det går også utover bilane til dei pendlar og brukar vegen mest.

Det er særskilt strekninga frå Myklebustkrysset til Mulehamn det må gjerast noko, og så frå Sletten i Botnane til Villevik. Vegen gjennom Botnane er også svært smal og det er vel i røynda ein utbetra «kjerreveg».

Me ber om at de prioriterer å utbetre og vedlikehalde desse delane av Frøysjøvegen når de skal fordele midlane til vedlikehald i 2023.

Med helsing



Åsmund Berthelsen (leiar i styret)  
93237073

Kopi til ordføraren i Bremanger, Ann Kristin Førde og leiaren i Hovudutval for samferdsle og mobilitet Jannicke Bergesen Clarke